



Jeanette Gudal takkar leiar av privatkundemarknaden Grete Solheim for tildeling av 25.000 til gamleskulen og rasteplassen på Eikelandet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Uskedalen er ei driftig bygd, sa leiar for privatkundemarknaden Grete Solheim i SpareBank 1 Kvinnherad då ho overrekte 25.000 kroner til Uskedalen Utvikling under den årlege "overrislinga" til banken tirsdag kveld. Og det stoppa ikkje der for Uskedalen: Også "Røysterett for alle", som har basen sin her, fekk nytte godt av bankens gåver til ålmennyttige føremål dette året. Deira del av potten på 650.000 var 10.000 kroner.

Også i fjor vart UU tilgodesett av lokalbanken, då med 20.000 kroner til badestranda.

No skal det nyttast 15.000 kroner til utvikling av gamleskulen som ein møteplass for dei eldre i bygda og 10.000 kroner til opparbeiding av rasteplass nummer to - på Eikelandet. Den første rasteplassen er så godt som ferdig – ved oppslagstavla.

- Det er viktig å få dei eldre meir ut, då trivst dei betre, sa formann i UU Jeanette Guddal då ho takka for gåva.

Kor-leiar Lars Henrik Skogtun opplyste at koret skal bruka pengane til kjøp av ei ny kortrapp for 11.000 og eit el-orgel for 6.300 kroner, tilsaman 17.300 kroner.

Den kortrappa som "Røysterett for alle" har i dag er for lita og det må kjøpast inn ei ny. Den musikalske vårsprett som vart avvikla i slutten av april ga 5.000 kroner i korkassa og dermed er koret nesten i mål med omsyn til dei to føremåla.

Då Skogtun presenterte koret under "overrislinga" opplyste han at det no har 39 aktive songarar som kjem frå heile området frå Sunde til Løfallstrand. Neste år er det 20 år sidan koret starta og fekk Kristian Bringedal som sin første dirigent. Dagens dirigent Maria Malmsten fekk karakteren "fantastisk" av leiaren.

Dette året kom det inn 95 gåver om tilskot til konkrete prosjekt som ulike lag og organisasjonar frå Fitjar til Ullensvang har planar om å realisera i 2007. Nålauget var med andre ord heller trongt, berre 18 kom igjennom.

- Alle søknadene gjaldt gode tiltak og vi skulle sjølvsagt gjerne ha imøtekome alle. Vi har likevel valgt å gje færre, men større tilskot, slike som verkeleg monnar i høve til realisering av tiltaket, heitte det i pressemeldinga frå banken.

Den som fekk mest var Husnes Båtlag, som kunne henta 75.000 til utviding og modernisering av gjestebryggja.

Av Ola Matti Mathisen



"Røysterett for alle" fekk 10.000 og leiar Lars Henrik Skogtun gledde seg over det. (Foto: Ola Matti Mathisen)